



Arkivnr: 2018/955-51

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		24.05.2018

### Prosjektilskot: større kulturtiltak. Tildelingar vår 2018

#### Samandrag

##### Føremål med ordninga:

Tilskotsordninga er eit verkemiddel for å nå visjonen for kulturutviklinga i fylket, slik den er vedteke i Regional kulturplan 2015–2025: Hordaland skal vere ein leiande kulturregion.

Visjonen uttrykkjer ambisjonen om å vere grenseoverskridande og nyskapande med risikovilje, og å ta vare på og utvikle verdiar. Kulturlivet i Hordaland skal markere seg på høgt nivå, og denne ordninga skal kunne gjere mogleg realisering av utvalde, særskilde prosjekt som kan vere føregangsprosjekt i utviklinga av kulturlivet i fylket.

##### Generelt:

Budsjett 2018	1 020 000 kroner
Søknadsfrist 2018:	1.mars
Vedtak kriteria:	KIRU 23.01.18: PS 8/2018
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida <a href="#">link</a>

##### 2018:

Tal på søknadar:	43 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	18 søknadar
Samla søknadssum:	4 710 850 kroner
Tilrådd fordeling:	1 020 000 kroner

##### 2017:

Tal på søknadar:	30 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	18 søknadar
Samla søknadssum:	3 460 600 kroner
Tilrådd fordeling:	1 020 000 kroner

**Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:**

Ut frå føremålet med ordninga og føringane i Regional kulturplan er det sett opp følgjande kriteria som søkerne har vore målt opp mot. Ein søknad må ikkje oppfylle alle desse kriteria, men jo sterkare ein oppfyller kriteria og jo fleire ein oppfyller, desto meir relevant vil søkeren vere for ordninga. Det skal vere føreseielege og transparente søkerads- og handsamingsrutinar.

Føljande vedtekne kriteria har vore lagt til grunn for vurderinga av søkerne (ikkje prioritert rekkefølge):

- a. I kva grad tiltaket oppfyller satsingar i Regional kulturplan.
- b. I kva grad tiltaket bidreg til ei utvikling av kulturlivet i fylket.
- c. I kva grad tiltaket har verdi for kulturlivet i større delar av fylket.
- d. I kva grad tiltaket er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- e. Om tiltaket kan kopla saman aktørar og stimulere til samarbeid på tvers.
- f. I kva grad tiltaket er utadretta.
- g. I kva grad tiltaket skil seg tydeleg ut frå ordinær, dagleg drift av ein organisasjon
- h. I kva grad tiltaket har støtte i heimkommunen.
- i. Kvalitativt nivå på prosjekt og søker.
- j. Gjennomføringsevne og realisme i prosjektet.

Ved søkerne om støtte til festivalar skal det i tillegg leggast følgjande kriteria til grunn for vurderinga:

- k. festivalen sin eigenart, kunstnarlege profil og fokus på utvikling av det kunstnarlege uttrykket
- l. formidlingsevne og publikumsoppslutning

Den enkelte løyving ligg som regel mellom 50 000 og 150 000 kroner. Hordaland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt.

Det blir ikkje gitt støtte til følgjande:

- Innkjøp og vedlikehald av bygg, utstyr og instrument.
- Ordinær drift av institusjonar, organisasjonar, lag, grupper og tilsvarande.
- Tiltak/prosjekt i regi av fylkeskommunale institusjonar - t.d. vidaregåande skular.
- Utgjeving / publisering av skjønnlitteratur, film og musikk. Unntak kan vere når målet er dokumentasjon med kulturhistorisk verdi.
- Deltaking på seminar, utdanning, studiereiser, gjestekunstnaroppdrag os.

Om det gjeld støtte til produksjon må det ligge føre plan for utbreiing og formidling. I tillegg er søkerne vurdert etter geografisk og sjangermessig fordeling.

I fylkesrådmannens individuelle grunngjevingar (vedlegg 1), er det vist til desse kriteria med nummer.

Når denne ordninga heiter *Større kulturtiltak* meinast det med større at det omsøkte tiltaket skal ha ei viss fagleg tyngd og storleik. Det skal vere særskilde tiltak med klare prosjekttankar som skil seg tydeleg frå dagleg drift. Det skal vere tydelege føregangsprosjekt med klar verdi for utviklinga av kulturlivet i fylket. Dette har vore tydelegare kommunisert ut på nettsidene. Framleis meiner fylkesrådmannen at fleire av søkerne ville vere meir relevante i andre av prosjektstøtteordningane. Nokon har søkt om same prosjekt i to ordningar.

Det er likevel mange fleire gode søkerne og høgare søkeradssummar enn det er høve til å innfri innan dei økonomiske ramane. Prosjekta skal i høg grad innfri føremålet og støtte mange av vurderingskriteria for å få støtte.

**Forslag til vedtak**

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 1 020 000 kroner over budsjettpost 400.725.03, slik:

<b>Søkjar</b>	<b>Tilrådd sum</b>
1 1001 Watt	60000
2 ANTIKK MUSIKK	0
3 APAGON AS	0
4 Babzurda	50000
5 BERGEN DOMKIRKE SOKN	50000
6 Bergen kommune, Enhet for kulturformidling og deltagelse	70000
7 BOREALIS	60000
8 Brit Bøhme	0
9 EIKANGER-BJØRSVIK MUSIKKLAG	0
10 Espen Selvik	0
11 Fortidsminneforeningen Hordaland	50000
12 FRI - FORENINGEN FOR KJØNNSS- OG SEKSUALITETSMANGFOLD	85000
13 HARALDSPLASS VENNER	0
14 Harding Puls	0
15 Harding Puls og Hardanger kunstlag	0
16 KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	95000
17 KRAFT Bergen AS	0
18 KROHNENGEN BRASS BAND	0
19 Kunstgarasjen	0
20 Kunstgarasjen	0
21 Kvam kulturskule	0
22 LARS OVE SELJESTAD	30000
23 Litteraturhuset i Bergen	100000
24 MARIANNE JUVIK SÆBØ	0
25 MEVATNE AS	35000
26 NY MUSIKK BERGEN	50000
27 Oddakonsertene	0
28 PIKSEL PRODUKSJONER LTD	0
29 Sandie Carol Dougnac	50000
30 SIMBA ARTS	0
31 SKOG GRUPPEN avd. UTETREND	0
32 Step In dansestudio	0
33 STIFTELSEN MUSIKKSELSKAPET	75000
34 STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	35000
35 STIFTINGA KYSTSOGEVEKENE	0
36 STIFTINGA MUSEUMSSENTERET I HORDALAND	0
37 STUDIO O AS	35000
38 Sveio kulturlandskapspark	0
39 SVEIO KYSTLAG	0

40	UngVest - Barne- og Ungdomsorganisasjonene på Vestlandet	0
41	UNISON AS	40000
42	VAKSDAL KOMMUNE	50000
	Til saman	1020000

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 26.04.2018**

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad. Dei individuelle grunngjevingane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, fylkeskommunen si kulturpolitiske rolle og samla søknadsbunke.